Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9. | Fylke: Sogn og Fjordane
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Balestrand, det meste.
Emne: Lauving | Bygdelag: } Elles frå ymse
Oppskr. av: A. Skåsheim, | Gard: } stader i Sogn.
(adresse): Bergen. | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. – Ja – det meste.

~~B.~~ Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Elles etter det eg hev set og höyrt på granskarferder i Sogn.

SVAR

1. No er lauving (lauing) for det meste avlagt. Det er for lite arbeidsfolk. Då dei dreiv med lauing vart det rekna som årvisst for. Lauing etter den gamle vis slutta kring 1905. I siste heimskrig var det ikkje nemnande lauing. Som sekretær for Vestlandske Bonkelag hev eg årleg henta inn upplysningar um det. – Eit år fyre krigen var det sterk turk so graset sveid av. Då var det noko lauing.

2. Lauing skulde etter gamall sed gjerast ved syftesok (fyrste dagar i juli) – fyre slåtten tok til. Då var graset ikkje vaksre – men lauvet var då best. Det var då vanleg ikkje lenger klökkt (Det skrokk ikkje då det torna). Dette galdt björklaunet som dei hadde i utmarki.

Dei laudde og på heimebøen. Det var for det meste rymningar. Det var vanleg millom höyslått og håslått – kring midten av august. I utmarki laudde dei mest bjørk til smalefor – og stundom noko

2087

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

osp til øykjefor. På heimebø lauvdde dei bjørk, hassel, or, raun, alm, osp og ask.

Lauving skulde gjerast medan lauvet hang godt på kvisten. På veldrivne gardar var det ikkje lauving etter midten av september.

Forskog (alm og ask) vart rispa dei åri dei ikkje vart lauvdde. Elles var det sjeldan dei lauvde alm. Almen navde dei mest til ris. (Å nava = hogga av greinene) Navstu, ein, navask, ein, navalm, ein.

Lauvrisping vart gjort medan lauvet var på det beste, vanleg i slutten av august eller fyrst i september.

3. Til lauving brukte dei snidel, (snil) ein. Askelauv og almelauv vart rispa. Men ikkje eik. Almelauv var tyngst å rispa. Dei hadde ikkje noko på handi. Men dei tok almelauv i loven, so livde det handi for slit av kvisten.

4. Dei lauvdde tre som dei hoggde ned og dei navde skog som dei hadde til det. (Navbjørk, ei, navask ein, navalm, ein) Navskog hadde dei både på innmark og utmark.

Dei tok vel vare på skogen, for dei var vane med uår. Besfar på Skåheim, f. 1816 kunde minnast at eit år vart bjørkeskogen grøn berre midt uppi i lidi. Slikt år vart

2087

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3

det ving grassprekka. Då var det lauvet dei laut lita på.

Tre som skal navast hogg dei toppen av når treet er som ein hovleg korrstaur. Alm og ask nev dei (nava, nev, navde, navt) vanleg kvart 4 - eller 5 år. Då var renningane høvelegast og lauvet best. Men gardsdrifti er ikkje lenger so.

Navtrane skulde vera so høge at lauvkjervane kunde hengja heistafritt til turking.

Dei navde ofte trane solvis at dei kunde setja småe lauvrauk uppe i treet. Det var serleg på dei stader der dei hadde geiter (Aurland - Borgund)

Alm og ask vart lenge rispa dei år dei ikkje vart lauvde. Rispelauv vart rekna for fint og godt fôr. Det vart ofte gjeve til kyr med det same dei hadde kalva. Almelauv vart og nytta til grise-mat.

Almar hadde dei ofte ved bøgarden - nor kalvehus eller heimastøl. Slike tre vart nemnde matalmar, og dei vart haldne høgt i verd. Kårfolk tok ofte undan ein - eller fleire slike tre til kårett.-

Almemjøl rekna dei mykje på. Det var søtt og seigt, og dei nytta noko av det i flatbrød - heilt fram til kring 1885.-

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2087

Men det var mylla på kalvedrikka og til grisemat til i slutten av 1800 talet.

5. Lauvkjervar bar dei i tog. Rispa lauv bar dei i kjessar og store sekkar: Eim lauvsekk. Det rispa lauvet turka dei flatt på marki. Kjervane hengde dei upp. Kjervane heng ute til lauvet er turt. Lauvkjervar vart ikkje bundne på staur – som kornbundel. Ofte vart lauv hengt til turking i tre. Best var det um lauv kunde turka i frisk luft – men i skugge. Då vart det grønast og best. Men dei som dreiv noko som var – kunde ikkje gjera det.

Lauvstakk – rauk – eit – var mykje brukt. Lauvrauket hadde ikkje trestang i midten. Men det var turvande at raukstøda (raukstøa) ei var fast og gad – og at grunnen vart turr og fast. I gade skogteigar der dei landde fast – og årvisst – hadde dei arbeidt upp bygge og gade raukstøde – som endå syner mange stader. (Kjednebakkjen) Balestrand, Skåsheimsdalen. Rauki kunde vera store – uppstil 4 til 5 fulle hestlass på gad før. – Elles var rauki etter som lauvmengdi var – ned til 2 til 3 vanlege byrdar.

Var raukstøda ikkje godt upparbeidd lagde dei ofte ved

2087

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

under lauvet. Kjervane vart lagde med stylkane ut- og lauvet inn i rauket.

Det var kunst å rauka gadt, so rauket ikkje „tok inn" — (vatn kom inn i lauvet.) Serleg var det um å gjera at stöda ikkje veig i grunnen, at uppstaket, grunnbreiddi var den rette, at rauket vart beint og at det hadde jamn rundung. Östle kjerven nemnde dei hetta. Dei tok lange stakar — gjerne hassel, batt 2 stakar i kross i toppane og sette 4 slike — fast ned på sidone av rauket — so övste kjerven vart halden fast på den rette stad i storm og uver.

Lauvet kunde då vera grönt og fint — som um det hadde vore i gadt hus. —

Torv hadde dei ikkje på rauket so lenge dei hadde dugande karar til rauking. Derimot hadde dei ofte eine (sprakje) eller blom. Seinare då kunsten å rauka ikkje lenger var so trygg — kunde ein sjå bylgjeblekk på rauki. Men det var alltid eit tingst-leiken. For der var det smot-skillen av lauingi —

Då dei laudde hadde dei ei talstikka der dei skar inn ei skora for kvart tjuge kjervar. Eit laubhundra var 6 tju.

2087

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Askelauv vart stundom pisga - og
pakt i lag med hå - og hesjå.
(Surlauv kjenner eg ikkje).
6. Det som vart rauka i utmarki
vart køyrt heim på vinterføre. Det
som vart lauva på bøen vart gjærnast
teke inn i hus - (køyrt eller bore) straks
det var turt. Byrdane retta seg etter
so store kjervane var. Dei har det
dei vann alle. Ved vatn eller
fjord tok dei det ofte heim på
båt. Sume stader køyrde dei
det på isen um vintrane.
På Skåsheim dreiv dei
med lauving og utslått i Knarren,
Fjørlandsfjord, og dei førde foret
heim på storebåt. Då var det
dugnad til å få farmen
i land.
7 Kvinnor og karar arbeidde i lag
på lauving.
8. Lauv som vert lagt i hus heime
er ofte i stor mengd - berre lauv.
Lauvsvoli, ei lauvlemen ein, Men
ofte legg dei det under løy - eller
dei set det kring veggjen - både
ute og inne - til turk
Sauer ~~til~~ og geiter fekk
bjørkelauv. Kyr fekk ask- og alme-
lauv. Kor mykje dei fekk lauv
retta seg etter kor godt dei
vilde stia buskapen. Sauer og
geiter fekk ofte tvo mål lauv
2087 for dagen - og kyr eit mål
askelauv. -

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Var det lite um foret at kyrna
upp Kvistane – eller hogg dei so
godt dei kunde. Var det rikt
um for åt dei berre lauvet.
9. Alm og ask er ser godt til
kyr – og bjørkelauv til sauer og
geiter. Lauv er godt for um det
er hogge i rette tid – og vel
innberga. Ein kunde sjå at
beisti åt det med stor
matlug – og dei heldt seg
friske med det.
10. Lauv til grisefor (almelauv) var
mykje brukt. Konor kunde bera
det heim i fyrkledi sine –
eller jamnast bar dei det heim i
ein sekk – eller sekke – um
dei hadde rispa mykje.
11. Dei laga lag til ornearbeid
i fjordateigane. Lenge var det kvart
år – for det meste i august. Det var
ei fast avtalt tid som dei
heile året nemnde „fjordavekaö".
Slike store ornefærder stod
jamnast på heile veka. Lauv-
og slåtteteigar (jamnast i eitt)
vart bytte, selde, kjøpte og
leigde
12 Lauvet vart bytt – alt etter
som teigen var lett – eller
tungdriven.
13. Arbeidet vart jamnast skift-
soleis at mannen felte (hogg)
(å fella), kvinnone og ungane

2087
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

hogg lauvet – saman og lagde det
tyst i fine dungar. Deretter batt
dei det i kjervar. Kona kom ofte
med mater.
14. Ja, dei havde både ask og
alm og bjørk og raum – men
då måtte det vera gode skogteigar.
Navskogen gav finaste og beste
lauvet. I Orheivik er ei stor
li full av navbjørk.
15. Var vintervegen lang var dei
saman om å brøyta veg. Når
vegen var vorten god køyrde kvar
som han vilde

B. Uppsl. som for A.

1. Rakelauv.
2. Alt slags lauv til smalegardar og
grisegardar.
3. Med ei riva – og med hendene.
4. Skjerar, lauvsekker – og stundom
i stakkar.
5. Ja mest kvinnfolk og ungar
6. I ein lauvbing –
7. Rakelauv vart gjennomst ikkje nytta til for
men til å halda gardane turre – og
soleis til å samla gjødsl.
8. I gode haustar kunde fint askelauv
vera grønt då det datt ned. Det var
godt for.
9. Rakelauv hev ikkje vore samla nemnande av – etter 1930. –

2087
Bjørgvin 25. okt. 1948

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

A. Skåsheim

# Emne nr. 9.
## Tillegg. –

Np. 14.

På Fjørestad i Balestrand var ein stor skog av navask. Dei nemnde denne staden Askogen.

På Skåsheim i Balestrand var ein stor skog av navask under husi – so askane skulde få alt „sig“ = hevd som rann frå tun og åker. Sig(x) = utt. seg, eit. (x) som islendsk i – ikkje i)

På Fjørestad vart nav-strane hoggne ned i 1920 åri. På Skåsheim vart dei siste hoggne 1947. Der var nammet skille Askeskogen.

I Botnen, Esefjorden, Balestrand var ein stor teig der dei hadde hogge skogen ned og renningar av kvitore rann upp. Desse lauvdde dei anna-kvart år. Det var fint og godt lauv, og det var snøggt å lauva.

Dette nemnde dei „Snilskog“ – Snelskog.

Bjørgvin 30. okt. 1948
A. Skåsheim

2087
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING